

Vestland fylkeskommune

Vår referanse:	Dykkar referanse:	Sakshandsamar:	Dato:
2024/974 - 8	2024/30336-1	Yngve Hallén	11.09.2024

Høyrings svar til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, regional planstrategi

Sognarådet har i møtet 6.9.2024 vedteke følgjande høyrings svar:

- Sognarådet støttar forslaget om at det blir utarbeidd to nye breie regionale planar i staden for dei planane som eksisterer i dag. Å namngje den regionale planstrategien for «Utviklingsplan for Vestland» er eit godt val, og vi synest plandelinga mellom ein «plan for areal og mobilitet» og «plan for verdiskaping og kompetanse» kan vere god.
- Utviklingsplanen slik den ligg føre no er for vag og lite konkret når det gjeld mål og strategi. Retninga som planen ønskjer å gje vert pakka inn i for mange ord og setningar, og gjer planen utydeleg og lite brukarvenleg. Dei 10 strategiane for å nå samfunnsmåla er for vage og sjølv sagde, og gjev liten retning og bygger ingen identitet for Vestland.

Ein tydelegare plan vil også bidra til eit meir inkluderande arbeid med planen.

Tydelege planar vil vere enklare å bruke og fremje demokratiet gjennom større deltaking frå innbyggjarar, media og politikarar.

- Sognarådet vil påpeike at diagnosen (utfordringane) rundt dei fire satsingsområda må vere konkret og tydeleg. Eit ærleg og korrekt situasjonsbilete (diagnose) er det beste reiskap for å lage treffsikre tiltak (rett medisin).
- Fylkeskommunale planar skal vere retningsgjevande for regionale planar. Dette er bra, men for Sognarådet er det viktig å påpeike at dette ikkje må gå ut over det kommunale sjølvstyret. God samhandling og involvering i utarbeiding av dei fylkeskommunale planane er difor viktig. T.d. i strategi 7 (side 21) kan regionen som heilheit spele inn kva funksjonar ein ønskjer at Bergen skal ha for å styrke regionen sin posisjon, samtidig som regionen har respekt for at det er det demokratisk valde styret i Bergen kommune som har plan og budsjettansvar. Dette vil gjelde for alle kommunar på ulike område.

Med helsing

Roy Egil Stadheim

leiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.